

**Ford**  
**PÅ VABAKKEN**  
 Størst utvalg i  
**NYE OG BRUKTE BILER**  
 Kont. våre selgere:  
 Per Harald Lunde og Kjell Doglinn Iversen  
**Haugesund Auto as**  
 avd. Stord tlf. 53 41 30 99

# Sunnhordland


*Først med  
det siste!*

## Stabilt hjå Sorenskrivaren

– Alt er i grunnen ved det normale her hos oss. Me har ingen store og dramatiske endringar å visa til i tala for fjoråret, sa sorenskrivar Bernt Fr. Moe då han orienterte om arbeidet i 1997

Side 9

## Satsar på godt vatn



Vatnet på Varaldsøy før og etter reinsing.

Kvinnherad kommune skal dei komande åra bruka 66 mill kroner for å sikra at ibuarane har tilgang på vatn av hygienisk god kvalitet. Fredag vart det først vassbehandlingsanlegget sett i drift på Varaldsøy.

Side 7

## Hugs HUSK!

Måndag om ei veke, 19. januar, byrjar helseundersøkinga HUSK av 40-åringar på Stord. I halvannan veke skal eit godt tusen kvinner og menn til gratis undersøking. Alle som har fått brev i posten er invitert, ikkje innkalla, til undersøkinga. Dermed er det òg ei heilt friviljug sak om dei vil gå, men kommunelækjar I Stein Aanensen oppmodar alle om å møta for å få helsestatus.

Side 6

# Stord-revansje og Storelid-kontroll

Låvedør og full lekasje, er karakteristisk som flittig vart nytta då Stordherrane tapte verdfulle poeng i laurdagens kamp mot Fram. I går tok Thor Gunnar Bakke (biletet) & co ein knusande revansje. Mellom anna var «buret» stengt fullstendig dei 20 siste minuttane av opningsomgangen.

– Eg føler eg har bra kontroll, var Kjell Storelid sin lune kommentar etter sine 2 bronsemedaljar i helgas EM i Finland.

Sporten frå side 13



## Randal i spissen for kulturhuset




Går kommunestyret i Bømlo inn for plassering av kulturhuset ved Stora-vatnet på Svortland slik kulturhusnemnda vil tilrå, står avtroppande fylkesmann Håkon Randal (bilde) klar til å losa prosjektet i hamn i løpet av år 2000.

Side 6

# Vårleg temperatur

Kikka du på temperaturmålararen i går? Det gjorde ein kar på Halsnøy då han tykte han vart så varm av å gjera så lite. Målararen viste elleve og ei halv varme grader og det er slett ikkje verst til 11. januar å vera. Varmen er også grunnen til at Sunnhordland sin utsende, Tor Resser, like før helga kunne festa denne blømande tusenfryden til filmen på ei jordbrukseng på Hystad på Stord.



Kva tid med får vinter, er ikkje godt å seia. Han prøvde seg med ein snødett torsdag og fredag, men alt det kvite forsvann i ei kollo-salt laaang regnbyge laurdag.

## FISKETILBUD

KVALITET

Fersk seifilet  
pr. kg.

29<sup>90</sup>

Røkt sild  
pr.kg.

29<sup>90</sup>

Tilbudene gjelder mand.-tirsd.-onsd.

**MEGA**

Stord  
Åpent 9-20 (18)

# Randal i spissen for kulturhuset

Går kommunestyret i Bømlo inn for plassering av kulturhuset ved Storavatnet slik kulturhusnemnda vil tilrå, står avtroppende fylkesmann Håkon Randal klar til å losa prosjektet i hamn i løpet av år 2000. - Tidsfaktoren er av avgjerande betydning for næringslivet, seier leiar Johannes Vikane i Bømlo Næringsråd til Sunnhordland.

**S**IMON SORTLAND

Flere ulike lokaliteter for kvar Bømlo sitt kulturhus skal stå er blitt foreslegne opp gjennom åra. Mellom anna i tilknytning til kommunehuset, Bømlohallen, og mellom Bremnes ungdomsskule og kyrkje. Men det ferskaste alternativet ein har fått utarbeidd eit forprosjekt med finansieringsplan og byggeitektningar til, er ved Storavatnet mellom Sams senter, Bliå-monumentet og Bremnes kyrkje. Dette alternativet kan skilta med 300 parkeringsplassar.

Ei kulturhusnemnd har hatt to møter for å diskutera sistnemnde plassering. Her har initiativtakargruppa, formannskapet, kulturstyret, næringsjefen kultur- og miljøsjefen, kyrkja, song- og musikkrådet, kunstlaget og Bømloteateret vore representert. Etter sitt siste møte på torsdag vart dei samde om å tilrå denne plasseringa overfor dei folkevalde. Ordførar Georg Lønning og administrasjonssjef Sverre Olav Svarstad vil ha saka politisk handsama i løpet av februar. Kommunestyremøtet er den 23. februar.

## Kulturhus i år 2000?

- Me reknar med at kommunestyret vil ta ei prinsipiell avgjerd andsynes denne plasseringa av kulturhuset på februararmøtet. Eit ja vil bety at ein då kan setja full fart forover med sikte på å ha bygget ferdig i løpet av år 2000, seier Øyvind Halleraker. Han og Hans Oskar Vikse har fått utarbeidd eit forprosjekt kostnadsrekna til 14 millionar kroner. Halleraker er glad for å ha fått

Håkon Randal til å leia prosjektet, og kunnngjorde overfor kulturhusnemnda at Hordaland sin avtroppende fylkesmann er klar for denne oppgåva frå 1. mars i år.

- Sjølv sagt kunne ein ha ynskt eit større kulturhus med fleire funksjonar, som til dømes med symjebasseng. Då kan det vere tale om eit prosjekt til 30 millionar kroner, noko som vil vera uoverkomleg både for kommunen og gruppa, meiner Halleraker. Steinsbø skulekrins har kome med eit innspel om plassering av kulturhuset der prestebustaden står i dag.

- Kulturhusnemnda har kun vurdert dette forprosjektet slik mandatet vårt var. Det var stor semje om at tidsfaktoren er av vesentleg betydning her, og at det vil vera svært uheldig om ein no går inn i ein større diskusjon om plassering og konsept, meiner leiar Johannes Vikane i Bømlo Næringsråd. Skjer det, er han redd toget går frå bømblingane og at det då vil gå 10-15 år før kommunen får eit kulturhus.

Vikane understrekar at den største utfordringa for næringslivet i Bømlo i løpet av dei tre til fem neste åra er rekruttering av kvalifisert arbeidskraft. Saken av eit kulturhus representerer eit stort hol i infrastrukturen og ein viktig faktor når høgt utdanna folk skal velja seg arbeidsplass og ein ny stad å busetja seg. Både for å få tilflytting, lokka heim att velutdanna bømblingar, gje dei unge gode oppvekstvilkår og hindra fråflytting vil det vera viktig å få reist eit kulturhus.

- **Kjempedugnad**  
- Bømlo har oppretthalde akti-



Avtroppende fylkesmann Håkon Randal har sagt seg viljug til å leia prosjektet fram til ferdig kulturhus.

viteten og opplevd vekst i næringslivet til trass for mangel av eit kulturhus, men det er i gode tider du må planleggja for dei dårlege. Eit kulturhus vil vera ein stor føremon når bølgedalen kjem, for det vil den gjera, poengterar næringsrådsleiaren.

Sjølv med eit prosjekt til nøkterne 14 millionar kroner, talar ein her om ein kjempedugnad der lokalbefolkninga sjølv må sørga for halvparten av finansieringa. Fordelinga er satt til 1 millionar kroner frå staten, fem mill. kr frå næringslivet, ein million kr frå kronerulling og dugnad privatpersonar/organisasjonar, ein halv mill. kr frå kyrkjelege organisasjonar, fire mill. kr frå kommunen og resten i lån.

- Positiv samhandling mellom handelsnærings, kommunen og kulturlivet for å skapa eit aktivt sentrum alle partar tenar på er den einaste baktanken. Dette er realiserbart, og tidsmessig akseptabelt for å demma opp for verknadane oppninga av Trekantsambandet vil medføra, meiner Vikane.

## HUSK - hjartekarundersøking

**S**TOR RESSER

Frå måndag 19. januar, førstkomande måndag, til 29. januar er 1.037 kvinner og menn i 40-åra i Stord invitert til å vera med i hjarte- og karundersøkinga nemnt som HUSK. I Fitjar er 228 kvinner og menn invitert til same undersøkinga, 9. og 10. februar.

Kommunelege I i Stord, Stein Aanensen, presiserer at det ikkje er innkalling men invitasjon til helsesjekken. Med andre ord er det ei frivillig sak om dei som er invitert vil møta. Men både for den einkilde og for dei som står bak undersøkinga, vil det vera ein fordel å ta i mot tilbødet. Dei som møter vil få ein bra status for si eiga helse.

På den andre sida er Aanensen klar over at undersøkinga rører med den einkilde sitt privatliv. Alle er kan henda ikkje like interessert i å blottleggja seg på det området. Undersøkinga femner om måling av blodtrykk, høgde, vekt, livvidde og hoftevidde. Blodprøvene vart analysert for kolesterol, triglyseridar og blodsukker. Vidare skal det svarast på eit spørjeskjema som er ein viktig del av undersøkinga.

Spørsmålå går på arbeid - miljø - helse, livskvalitet og sosiale tilhøve, kosthaldet sin innverknad på kreft og hjartekarsjukdomar, muskel- og


skjelettplager, angst og depresjon, kvinneplager, revmatiske lidingar og osteoporose.

Gjev dei som er med i undersøkinga samtykkje, vart resultatata som kjem fram sendt til den lækjaren den undersøkte oppgjev. Opplysningane vil gå inn i den einkilde sin journal hjå lækjaren og får tilbødet om å verta følgt opp. Gjev den undersøkte samtykkje vart resultatet frå undersøkinga nytta i medisinsk forskning.

Dersom den undersøkte ikkje gjev samtykkje til at resultatet vart nytta slik det er nemnt over, vart dei ikkje sendt vidare til lækjaren eller nytta i forskning. Eit samtykkje kan trekkjast attende seinare. Alle resultat vart hadsama strengt fortruleg.

Alle som er med i undersøkinga vil etter nokre veker få brev med resultat og personleg råd om førebyggjing av sjukdom. Dei som har høg risiko for infarkt, eller som ut frå spørjeskjemaet kan tenkjast å ha symptom på hjarte- og karsjukdomar, vart tilrådd etterundersøking hjå den lækjaren dei har oppgjeve på spørjeskjemaet.

Aanensen legg vekt på at undersøkinga er viktig for den einkilde når det gjeld å førebyggja sjukdom. Difor oppmodar han at alle som får invitasjon nyttar seg av han.



Kommuneleiar I i Stord, Stein Aanensen, oppmodar alle kvinner og menn i Stord og Fitjar, som har fått invitasjon til livstilundersøkinga, om å nytta tilbødet.

## Kjellbjørg Lunde

Fredag vart Kjellbjørg Lunde oppnemnt av regjeringa som medlem av kringkastingsrådet. Dermed er ho mellom dei som skal påverka programutvalet i statskanalen vår.

- Det er rom for meir reflekterte program, meiner Lunde.

kastingsrådet for dei neste fi åra valt i statsråd. Kjellbjørg Lunde var ein av to nye medlemmer oppnemnt av regjeringa.


- I den forsamlinga sit man, kreative menneske frå ulike politiske og samfunnsmessige omde, som kan få til ei god munningsutveksling og konstruktiv debatt. Denne debatten har lyst til å vere med på, seier ho.

### Djuptgåande program

Lunde er for ein stor del nø med programutvalet til NR men trur det er rom for fleire i flekterte og meir djuptgåande

AV TOR HJELSET, NORSK AVISBYRÅ

Fredag førmiddag vart kring-



Kulturhus ved Storavatnet i løpet av år 2000 er det politikarane i Bømlo skal bestemta seg for eller imot neste månad.